

Referat frå møte i SMU 25.11.25

Stad og tid: Personalrom ungdomsskulen tysdag 25.11.25 kl.17.00-18.00

Deltakarar: Jakob Andre Sandal (FAU), Marte M. Hundvebakke (FAU), Iselin Sunde (FAU) Inger Elin Egge (Skei skule), Stine Renate Årdal (Skei skule), Inger Anne Husevåg (Skei skule), Frode Molnes (politisk representant). Repr. frå elevråd: Aksel Roko Eide, Nathaniel Filipek og Mathias Lorentzen Erikstad og rektor Annette D. Natås

Sakliste:

- Informasjon frå rektor om elevundersøkinga (Udir) og Sepu (Conexus)
 - Den obligatoriske elevundersøkinga frå Udir er gjennomført på 7. og 10. klasse. Resultat frå denne vert presentert på møte i februar.
 - Vi skal gjennomføre lokal elevundersøking for 5., 6., 8. og 9. klasse i perioden 01.12-12.12. Viser til informasjonsskriv sendt i Visma. Resultat frå denne vert presentert på møtet i februar.
- Orientering om søknadar til sparebankstiftinga
 - FAU søkte om midlar til fallunderlag i klatrepark og til ferdigstilling av sykkelskur/parkering v/ «Øya». FAU har fått 20 000,- til kvart av prosjekta. Arbeidslivsfag 10. klasse skal ta fatt på vidare arbeid med sykkelparkeringa etter nyttår. Fallunderlaget vert bestilt/utført i samarbeid med vaktmeister.
- Info frå elevrådet
 - Elevrådet orienterte om at dei på sist møte snakka om kva klassene ynskjer seg i høve aktivitetar. Det er særleg mellom og ungdomstrinn som har behov.
 - Så var det kome innspel om ynskje om utvida skuledag. Då tenkjer elevane at lekser då kan vere ein del av skuledagen, leksehjelp siste del av dagen?
- Kommentar frå SMU: Det handlar om fleire ting her, m.a skyss og fag – og timefordeling. Vi kan ta dette oppatt, elevrådet kan følgje opp vidare.
- Ymse:
 - Vi bestemte møteplan for våren: tysdag 10. februar og tysdag 14. april kl. 17.00-18.00.
 - Vi drøfta innkjøp av spel til akt. i friminutta, særleg for ungdomsskulen. Nestleiar i FAU Marte M. Hundvebakke vil sjekke i høve sponsing av spel.

Ref. Annette D. Natås

